

Arne Dag Østigaard

Ei fælsleg jul

«Ein saknad sår eg har røynt. Min Gud sitt andlet har løynt!»

I Vinnillen skulle folk helst legge ein høytapp i gardsleet på nyttårsnatta. Kom den bort for dei dagen etter, vart det snart ufred i bygda. Låg den urørd, vart det heldigvis eit fredens år. I Vetlelvdalen sa dei at om sola skein rødt på furuleggane nyttårsdagen, vart det snart krig.

Døden var elles ein naturleg del av tilveret. Det skjedde derfor at det ofte var likvake i jula. Den avlidne låg da på låven. Der var det gravøl og dans. Ekstra fælt var det på Østgarden i Dalsbygda etter hardåret 1772. Julia 1773 låg det fem lik i eit hus under julehøgtida. Det seiest at blodet siva ut av kistene til ein dam på golvet. Mellom en tredjedel og fjerdedel av befolkninga strauk med i Øvre Folldalen etter jula 1772. Noe liknande skjedde i Tyllidalen, der heile familiar døde ut.

Fæl var også jula anno Domini 1718. Det var nemleg blitt krigstilstandar i Norden for første gong på svært så lang tid. Det skyldtest krigarkongen Karl 12. av Sverige. Hans svenskfinske general Carl Gustaf Armfeldt omringa hausten 1718 Trondheim. General Reinhold Johan de la Barre forfølgde den norske oberst Peter von Motzfeldt og hans dragonar til Rennebu og Oppdal. Så drog dei for å hente koppar på Kvekne og Røros. Han hadde med seg fire hundre finske ryttrarar – såkalla dragonar. Kven av dei snakka finsk? Og kven svensk?

Direktør Brostrup Tax på Kvekne rykka fram saman med Tynset- og Kveknebønder for å forsvare smeltehytteanlegget på Innset. Da dei såg garden Sunnset i Berkåk stå i fyr og flamme, tok dei kuten heim att det fortaste dei vann. Dei forstod at dei skræmelege karolinarane var i kjømnda. Tynsetingane stansa først andpustne på Bubakk. Der slo dei seg ned så lenge det fanst att julemat og juleøl.

Onsdag kveld 14. desember vart bergplassen på Kvekne invadert. Inntrengarane slo seg ned på Vollom, der dei slakta ein okse. Da dukka husfar Peder Rambech opp: «*Ke dokk mein' på dokk, kara! Ska dokk brenn opp garden?*» Men den riddarlege de la Barre forsikra at dei berre skulle varme seg litt og få seg ein førejulesteik.

Offiserane slo seg også ned på Vollom, Grøntyven, Taksgard og proviantgarden Orkeng, som vart ribba. Soldatane søkte seg husly på dei mindre bergstuene, der dei både tagg og betalte for julematen. Ein skokk dragonar drog innom Tostensfetten. Kona Kari var reint fortvila da dei hardføre, men svoltne karane frå Tavastehus, Savolaks og Nyland i Finland åt opp all julematen til ungane hennar. Soldatane syntest derfor synd på den stakkars og fattige mora. Dagen etter kasta dei mengder av tørrfisk på dørhella hennar. Den hadde dei nok stole på verkets provianthus på Orkeng.



General Reinhold Johan de la Barre. Fra Svenska Familj-Journalen.

Presten Svend Buschmann på prestegarden Frenstad, som visst nok heldt bønegudsteneste i bergmannskjerkja før førejuleinvasjonen, nekta plent å svara kor Brostrup Tax hadde gjømmestaden. Generalen hogg derfor sabelen i bordet i reint raseri og trua med både mord og brann. Da losna straks tungebandet. Tax og sambygdingar vart deretter tvinga ut av gruvene. Det følgde mange kvinnfolk etter de la Barre opp til gruva "Segen Gottes". Dei gråt og klaga seg ynkeleg over at dei kunne ha overvunne inntrengarane om dei berre hadde hatt mot og våpen til å fekte med.

Det vart visst nok halde krigsrett på Frenstad. Kona Ingrid (Rambech) og barna til Brostrup var sjølvsaugt aldeles livredde for å miste mann og far sånn like føre jula. Børsene vart lada. Ein offiser kommanderte fyr. Men Buschmann la seg imellom og redda livet til Tax. Han måtte berre først gie frå seg juleto bakken og julebrennevinet til generalen.

19. desember fann de la Barre vegen over til Vinnillen. Tax og fleire var med som fangar. Vegvisaren Per Ulset prøvde å føre fienden ut på ei blautmyr. Men i snøfokket mista også han oversikta over terrenget. I Vinnillen var det mest folketomt. Dei fleste hadde rømt sin kos til seterdalane med buskapen. Mange hadde flykta heilt til Narren og Tufsingdalen. Tolv mann feira visst nok julekvelden i fiskebuene ved Siksjøen.

I "Dragonkroken" stansa dragonane opp. Ho Marit frå Nystu Røe kom uforvarande på flokken. Soldatane ropte: «Varda!» Den skrekkslagne jenta kuta da for livet. General de la Barre slo seg ned på garden Sæter. Klokkar Esten Knutsson bad i kjerkjans namn om «sømele åtferd» no like føre jul. Det var unødvendig. Dei utkjørde og forfrosne soldatane viste seg frå ei vennleg side.

Andre vinnillsbønder var utkommandert for å forsvare Bergstaden. Soldat Esten Trøen sette nær livet til av frost og svolt i eit kvernhus sjølve julekvelden. Han blanda nemleg mjølsopp med vatn. Segna seier at før han drog av garde, bad han kona Marit finne fram brudgomsskjorta. Kom han itte heim att, skulle kjerringa sende skjorta som jartegn til ætta hans.

Ola Nordistugu Vinnill omkom i krigen, men Esten Trøen overlevde strabasane i sprengkulda. Han meir kraup enn gjekk da han endeleg tok seg heim att frå krigen like over jul. Kona trudde det berre var ein rakkarfant som stod i grinda, og hissa hunden på gemalen. Gubben reiv derfor av seg kongens klede og viste fram skjorta si. «Kjenne du itte att fussen, kånå, så må du fill finne dei ti at skrotta e attkømmen!» stotra han. Da vart gleda stor.

Til Tållja meir kraup enn marsjerte kompaniet nedover Kjerkjegjelen (Svensk-

gjelen). I kjerketårnet låg det ei vakt av det vesle, nervøse bergkorpset til hytteskrivar Henrik Floer klare med børsane. Men dei torde itte losne eit einaste skott. Han sjølv oppheldt seg ved Vinnilsvorda (Nonsvorda) med 120 bergmenn, men trekte seg tilbake til Tynset da overmakta var stor. Direktør Bergmann på Røros kommanderte Floer til å overlevere alle geværa til de la Barre. Generalen kunne derfor trygt slå leir i Jensjogarden på Tällja. Soldatane trenga visst nok på skyting mot ein låvevegg der gammalskola ligg i dag. Elles fekk folka på Hyttplassen feire jula sånn noenlunde i fred. Kveknedølane vart no sett fri, unnateke direktør Tax. Før kompaniet braut opp, stakk fleire dragonar innom Hodalen for å forsyne seg med mat og klede. Det vart nemleg brennkalde.

Med kapellan Anders Schielderup som ein høgst ufriviljug vegvisar, drog rytтарыkorpset frå Tällja 21. desember med kurs for den no forsvarslause Bergstaden, der kaptein Benjamin Mentzonius og bergkorpset hadde flykta saman med ein garnison med bønder frå Vinnillen og Dalsbygda. Det dukka nemlig opp rykte om at itte berre de la Barre, men Armfeldt sjølv med sin skrekkelege arme' var på veg direkte til Bergstaden. Men bergmennene nekta å marsjere lenger enn til Ålen. Det vart visst nok ein blodig kamp mellom desertørane og dei regulere soldatane. Itte underleg at karane ville heim att til kjerring og ungar. Det var jo snart julefeiring.

De la Barre nølte no med å angripe Bergstaden, og tenkte seg heller over Budalen til Armfeldts arme. Han sette derfor kursen mot Dalsbygda og slo leir øst for Johaug. Han befalte bøndene i Dalsbygda å gjøre den gamle allmannavegen over fjellet farbar vinterstid. Dragonane forsynte seg grovt i Os og Dalsbygda. Elias Gjeltten skriv

i «Et og andet fra Dalsbygden og omegn» om eit augevitne som var tolv år gammal i 1718. Denne fortel at heile huslydar flytta til sæters allereie før jul, og dei torde itte dra heim att til høgtida av redsel for dei fremmende soldatane. Derfor måtte også folka i den bygda feire julehøgtida på sætrene. Det gjekk også att eit ord i Dalsbygda frå den tida: «*Da døm såg troppan nola Vangen, va dæ mange som tok hyven noli Ola å gjømde sæi.*» Det gjorde blant anna folka på Norsten Breen. Huslyden drog med seg alle kyrne i Ol-sætra på sjøve jule-natta.

På noen gardar betalte karolinarane for seg, særleg der folk itte hadde flykta over hals og hovud. For det gjaldt å hindre at karfolka slutta seg til bondegeriljaen. Men hos den råsterke Pål Eggen (Pål Nordgård i Dalsbygda?) forsynte soldatane seg alt for grovt. «*Ja, går dåkk fram som honda, ska dåkk få honds rett!*» sa Pål og dengte dei. Fienden tok for seg likevel ein del høy, ei borse og ein sau hos denne kjempa, som var så stor i kjeften. Så seier i alle fall saga. Per Ousten var visst nok gniaraktig. Dei måtte bruke øks for å få mjølet av koppen som han ofra dei.

På sjøve Os hadde alt folket i bygda visst nok kjörd alle verdisakene sine oppi både Fabroåsen og Kløftåsen. Ein offiser sa til Barbro Ostrøen: «*Ja, jag vet inte nu jag, moder, om det er du eller jag som skal råda her i kveld!*» Deretter tok dei og slakta ein okse på stuegolvet hennar.

Det var viktig å få avvæpne fjellbøndene, da den norske general Wincentz Budde lovde klekkeleg lønn til den som skaut ein karolinar. Men itte mange beit på det agnet.

Reinholdt de la Barre rykka i alle fall 21. desember inn i Røros med fire hundre mann. Det var så sprengkaldt at inntrengar-

ane var så forfrosne og stive av kulde at dei nesten itte klarte å stige av hestane. Ifølge Peder Hiort var angriparane itte i stand til å forsvare seg eller bruke geværa sine. Ein spion frå Tällja hadde for øvrig allereie send beskjed om kva som var i gjere.

Generalen trua likevel med å svi av byen viss han itte fekk all kopparen. Eldre folk hugsa nok med redsel at Bergstaden hadde brent både i 1678 og 1679. Den skrantande direktør Theodorus Bergmann og bergskriver Hans Bredal gav derfor friviljug frå seg all kopparen som var å oppdrive. Brostrup Tax som skulle skytast på Kvekne, passa da på å rømme sin kos. For no skulle han visst nok hengast. Han kjende seg itte sikker før han hadde komme seg heilt over til Oppdal.

Det mannsterke ”Søndenfeldske Skiløbercompagni”, som var leda av kaptein Even Kraft, skulle forsvare oss. Det drog no nordover frå Tyllaldalen til Tynset. Ola Ousten frå Dalsbygda var tappert med i kompaniet. Ei lita avdeling tok tilbake all kopparen på Kvekne. Karolarane som skulle hente det i romjula, fekk derfor lang nase. Det kunne gruvefolket ha blitt strengt straffa for.

Skiløparkkompaniet på om lag 200 mann frå Østerdalen slo leir på Tynset, truleg Neby. General de la Barre sende derfor rittmeister Gustaf Adolf von Konow og femti mann ned frå Røros til Tynset veslejuleftan. Det var for å forseinke nordmennene og forsyne seg med enda meir av den sunne og velsmakande julematen i fjellheimen. Troppen for nedover Østbylia mens presten Even Meldal heldt juledagsmesse. Noen av fienden farta som sagt til Kvekne for å ta med kopparen, der dei fekk lang nase, andre følgde skiløparkkompaniet til Tyllaldalen. Det var nok itte mange til stades i den nye kjerkja, da folk også i Tynset hadde rømt til sæters. Men presten Herr Even og frue heldt stand. Huldrefolket hadde eigentleg førsterett til alle sætrane i jula. Men i krigstider var dei moglegvis særdeles gjestfrie og solidariske med dei kristne.

På Tynset oppdaga von Konow skispora etter femti skiløparar og like mange bønder, som var leda av kaptein Bonde og løytnant og presteson Michael Meldal frå Tynset. Desse hadde sett kursen over til Øverby i Tyllaldalen, der dei ville kvile på og feire jule-



kvelden. Men forfølgjarane farta hakk i hel. Men heldigvis for oss hadde det falt snø, slik at kavaleriet måtte gjøre retrett. Hestane deira vart sittande fast oppå Tylldalskjølen.

I romjula sette så sprengkulda inn for alvor. Dei hutrande og forfrosne dragonane stakk derfor av garde med alle skinnfellane som var å oppdrive i gard og grend. Uniformene deira var nemleg itte lagd til så streng vinterkulde som den i Nord-Østerdalen. Hos den rike enka Kari Røstad (Aaen) fann dei aller mest å forsyne seg eller stela.

Det vart derfor ein del samanstøytar i Tynset på sjølve den heilage julekvelden. Inntrengarane tok nemleg itte omsyn til julefreden. Deira gregorianske kalender låg

elleve dagar etter. Så dei feira vel helst i staden Lussinatta og vintersolkverv. Da kunne det av og til gå hardt for seg med bloting og drikkelag, itte sjeldan følgd tå handgemeng og munnhoggeri.

Skiløparkompaniet vårt forskansa seg på Midtskogen. Kaptein Bonde drog til Øverbygrenda med femti skiløparar og femti bønder. Det var så brennkaldt at karane måtte varme seg inne på Søgard undervegs. Den svenske fortroppen prøvde å få tak noen av i dei norske soldatane. Men akk så forgjeves. Dessutan var Tylldalen mest folketom. Dei fleste hadde der som elles, rømt til sætrane og feira julekvelden der.

Seint på julekvelden vår og deira Lussi-



natt drog ein større ryttartropp på heile 250 mann frå Røros til Tynset i nattas mulm og mørke. For no hadde soldatane endeleg fått kvile ut noen dagar på Bergstaden, men hadde neppe noe overskot til sosialt liv etter enormt slit undervegs. Truleg unngjekk befolkninga på Bergstaden okkupantane. No vart nesten halvparten av soldatane attende på Bergstaden. Truleg var det fleire sjuke og skadde.

Troppen vart leia av major Alexander Wilhelm Ramsay, saman med rittmeistrane Leonhard Silfversvan, Georg Johan Bock, Bengt Stigman og Stockmann. Første juledag dukka hovudstyrken opp på Tällja, der rittmeister Bock og tretti mann først farta til Vinnillen for å sanke enda meir proviant hos gretne og sure bønder. Dei andre i troppen heldt fram til Tynset, som dei nådde tidleg annen juledag. Tyllidalen vart deretter nådd på kveldstid med om lag sytti sånn noelunde friske soldatar, leda av rittmeister Stockmann.

Da kaptein Even Kraft fikk melding om at Stockmann ville angripe, bestemte han seg for å komme han i forkjøpet. Kaptein

Bonde drog derfor til Øverby med femti skiløparar og femti bønder. Dei måtte varme seg på Søgarden undervegs. I brennkalden drømte dei itte om at fienden kunne dukke opp. Derfor heldt dei seg inne på Øverby. Fienden reid overraskande rett inn på grenda, der vaktmannen som hadde trått ut på naturens vegne, mest vart overrumpla. Han fekk likevel varsla dei andre inne i husa, som da forskansa seg bak snøfønnene ved eit steingjerde. Alle skaut på alle inntil det vart kolmørkt. Skiløparkompaniet trekte seg attende sørover att. Fortroppen trekte seg nordover att. Det seiest at det var snølaust, så skiløparane itte kunne sette etter. Karolinarane tok to fangar. Den eine var den ulykksalige vaktmannen. Den andre hadde gjømt seg i Søstu-kjellaren. Det seiest at inntrengarane hadde to døde og tittolv såra. Karolinarane søkte dei døde i Tvibotntjønna ved Kjølen etter å ha hogd hol i isen, og i Svensktjønna ved Sandbakken. To loft på Øverby skal bera kulehol frå trefninga. Søstulofet står på Tynset Bygdemuseum. Det låg visst nok igjen mye mat og våpen etter kavaleristane.



Fienden slo leir ved Øverby. Alt før daggry tredje juledag prøvde nordmennene å overrumple leiren. Kraft nemner at den ubeskrievlege frosten heldt fram. Svenskane hadde akkurat drege dyr ut av fjøsa for å slakte. Da kom Ramsay etter fra Tynset med resten av kompaniet. Det bar i hop hardare og kvassare enn sist. Østerdølane la seg igjen bak steingjerdene. Med sine lange lanser kunne itte ryttarane utretta stort. Enden på visa var likevel at østerdølane trekte seg tilbake til Midtskogen. Kraft var nemleg blitt alvorlig sjuk. Det seiest at seks nordmenn fall.

Østerdølane skaut hestane under rittmeistrane Silberschwan og Stigman. Ein kar frå Skogstad på Kvekne fekk auge på rittmeister Stockmann, som sat ved eit langbord i Oppistu Øverby. Kveknedølen fekk inn ein fulltreffar på Stockmann, som vart dødeleg såra. Merket etter blodet kunne sjåst i langbordet lenge etterpå. Stockman vart frakta til Røros, der han trekte sitt siste sukk. Tynsetprest Even Meldal kasta undervegs jord på kista.

To tylldalsjenter, truleg frå Øverbygrenda, samla saman klede og ski og sprang etter Skiløparkkompaniet. Da dei vart oppdaga, tok dei seg i staden seg over til Vetlelvdalen. Da bonden Ol-Jonsa på Randmælen visst nok las teksta nyttårskvelden, tusla det stilt ute i svala. Seier soga. Eigentleg hadde også vetlelvdølane evakuert til sætrane sine, men han Ola og familie heldt seg heime. Inn tumla i alle fall to forfrosne jenter frå grannebygde: *«Dæ æ krig i Tylldala no!»*

Ei anna tylldalsjente heitte Beret. Best som det var, sprang ho til skogs med fleire børser. Ho slengte dei frå seg og sette over til Vetlelvdalen. Der levde ho tå jakt ei tid. Derfor vart ho kalla «Skytta». Snart glømt folk bragda hennar i jula 1718 og trudde ho var ei ekte trollkjerring.

På Nordstu Hokstad bad ein soldat så tynt om juleøl. Men kona torde itte gå frå gutungen. Soldaten sa da at han skulle passe ungen, for han hadde sjølv slike små heime. Han fekk seg øl og lista seg stille ut. Han la visst nok att sabelen.

Tylldølene hadde kjørt innerter fjellet før jul til – «Julkvelldalene». Der tente folk store bål, mens folk frøs seg gjennom den kalde julenatta. Men noen gamlingar vart att på gardane. Truleg nekta dei å flytte seg. Dei rekna vel med at soldatane hadde respekt for dei eldste. I Oppistu låg gamle Tore Øverby. Ein offiser sette sabelen i bringa hans for å få opplysningar. Da svara Tore: *«Du må sjå æi ligg tæ sængs, og da kan itte æi mæ enn du våttå ker døm ær. Å kelles bygda æ utafør, dæ fær du sjøl sjå!»* Da offiseren trua med å stikke gubben, slo Tore fram på: *«Om du vil dråppå mæi hell itte, fær du gjær så du vil mæ. Æi æ in otlovd mann, å æi hå lenge venta på dauen!»* Ein offiser meinte da at ein itte kunne ta livet tå slik ein verjelaus krok.

Svenskane trekte seg attende til Tynset. Men gjekk til motåtak att, slik at skiløparane trekte seg attende til Midtskogen. Dei skulle lokke Ramsay etter seg. Det vart plassert ein del harver som forsvar. Der vart dei ståande inntil Bergstaden vart forlatt. De hadde berre to døde og ti-tolv såra. Seks falne ble gravlagt på kjerkgjøgarden i Tylldalen. Denne styrken talte no fem hundre mann, da bøndene strømmen til. Ein fange frå Øverby hamna heilt på Røros. Fjerde juledag fikk dei beskjed på Øverby om kongens fall 11. desember.

Fienden ville brenne heile Øverbygardane før dei trekte seg attende. Men det slokna stadig vekk, så grenda måtte vera heilag i juletidene, slo dei fast. Ramsay og kompani traska no til Tynset, og drog så slukøra nordover att til Bergstaden. Dei

svenske karolinarane tok sjølvsagt fangar da dei trekte seg tilbake frå Tyllaldalen og Tynset 28. desember 1718. Den eine var lensmann Hans Hansson Tønset, truleg son eller soneson av salig Herr Hans Lauritzen, som var prest 1628-1666. Lensmannen budde truleg på en av Østby-gardane. Kva for bønder som vart tekne til fange, får vi foreløpig berre gjette. Dei vart vel lauslatne etter kvart.

General de la Barre braut opp frå Røros natt til 6. januar, da dei endeleg fekk stadfesta budskapet om at Karl 12. var fallen ved Frederikshald. Karolinarane på Bergstaden hadde meir enn nok med å finne att forma etter dei valdsame strabasane i sprengkulde og mørke. At dei itte klarte langturen over Tydalsfjella, kan ha samanheng med at dei var totalt utkjørde. 8. januar begynte det store tilbaketog frå Haltdalen til Tydalen og vidare mot Sverige. Fleire tusen soldatar fraus som kjend i hel.

Heldigvis var Armfeldts karolinarar disiplinerte og høflige. Den seinare direktør Hiort fortel seinare at fienden faktisk hadde møtt bøndene på eit anna vis enn dei sønnafjelske dragonane som behandla folk på ein barbarisk måte, Men noen hestar som de la Barre kvarta med seg, gav han kvittering på med at dei kunne søke betaling hos kongen av Danmark!

Mickael Meldal, son til Gidsken og Herr Even, var sekondløytnant ved "Det Søndenfeldske Skiløber Compagnie" og hadde deltatt med bravur. Han hadde vore ein verkeleg "skrekk" for svenskane ved kampane i Tyllaldalen. Han vart forfremma til premierløytnant 9. januar 1719, men døde dessverre 2. mars same år. Han var da bondemann på Fløtten bakom kjerka i Tynset.

Det vart sjølvsagt stor sorg på prestegarden i Tynset. Men elles kunne Gidsken og Herr Even Meldal puste letta ut. For endeleg vart det fred i Nord-Østerdalen. Både bøn-

der og bergverksfolk fekk dessutan klekkeleg erstatning for det som fienden hadde beslaglagt eller stole. Bøndene stilte seg gladeleg i lang kø i tingstua på Neby for å fortelje med tårer den hjartegode og populære fut Christian Juell kva fienden hadde forsynt seg med på gardane i fjellbygdene.

Juell, som var født i København, hadde sin fulle hyre med å kontrollere alle krava på erstatning. Tilmed vetlelvdløane, som bevisleg itte hadde sett snurten av fienden på sine kantar og marker, la visst nok fram lange og tvilsame mangellister. Herr Even kunne da vel itte noe anna enn å støtte sine soknebarn?

Da kronprins Christian Frederik besøkte Tyllaldalen i februar 1814, viste bøndene han med stoltheit fram grenda Øverby, der dei hadde banka svenskane sønder og saman i 1718. Det gjekk heldigvis mange Herrens år før det atter dukka opp fiendtlige soldatar i fjellbygdene våre. Og Gud skje lov og takk og pris for det!

Kilder:

- Sigurd Nergaard: *Ufredstider. Folkeminne frå Østerdalen*. 1922
- *Bygdebøkene fra Nord-Østerdalen*